



Ingrid Bjørge Pedersen

Dato: 27.02.2015

Vår ref.: 2015/108-3

Saksbehandlar: inggase

Dykkar ref.:

Søknad om tilbygg til våningshus på gnr 54, brn 2, Konglevoll, Lindås kommune. Dispensasjon, jf. pbl § 19. Kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til Dykkar brev dagsett 06.01.2015 og e-post sendt fra oss den 23.01.2015, samt e-post fra Museumssenteret i Hordaland (kulturverntenesta) den 20.02.2015 i høve ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamar dispensasjonssaker berre med omsyn til interesser innan kulturminnevernet, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om tilbygg til eksisterande våningshus, som er registrert i SEFRÅK. Tilbygget er tenkt nesten like stort som våningshuset sitt BYA. Administrasjonen i kommunen er ikkje negative til tiltaket, men ynskjer fagleg råd i høve til utforming av tilbygget, då dei ynskjer at det tek omsyn til eksisterande byggestil.

Vurdering av tiltaket

Hordaland fylkeskommune meiner om at tilbygget bør ha same møneretning som våningshuset og dei andre bygningane i området. Vi har ingen merknad i høve til val av byggestil, men meiner at tilbygget bør underordne seg det eksisterande. Det bør og vere «lesbart» kva som er nytt og gammalt.

Ut frå våre arkiv er det ikkje opplysningar om kjende automatisk freda kulturminne, eller nyare tids registrerte kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi ber likevel om at tiltakshavar søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn eller konstruksjonar ved gjennomføring av tiltaket som kan vera automatisk freda, må arbeide stansast og kulturminnevernet få melding om dette, for ei nærmare granskning av staden jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka. Vi ber om at krav om meldeplikt jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd vert tatt med i vedtak om dispensasjon.

Elisabeth Bjørsvik
fung. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Harald Rebnor Valle
Arild Sætre
Fylkesmannen i Hordaland